

MØTEPROTOKOLL - KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Fredag 31. oktober 2025	Kl. 09.00-12.00	Kommunestyresalen

Følgande møte

Medlemmer: Elin Randi Johnson (leiar), ~~Anders Norderhus~~ (nestleiar), Rune Møller, Per Holseth
Varamedlem: Ola Erik Myren (for Torild Visnes Leirmo)
Sekretariat: Elin Marit Andgard, SKNG
Andre: Elisabeth Nerli, Kommunalsjef

Saker som vart handsama

Sak 32/25 Godkjenning av protokoll
Sak 33/25 Budsjettforslag for kontrollarbeid i kommunen
Sak 34/25 Uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor
Sak 35/25 Referatsaker
Sak 36/25 Orienteringar
Sak 37/25 Drøftingssaker

Andre opplysningar

Møteinnkalling: 13. oktober 2025. Endring møtedato 23. oktober 2025.
Møteleiar: Elin Randi Johnson
Referent: Elin Marit Andgard, SKNG

Underskrifter

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 32/25-37/25 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Per A. Holseth *AKB*
R. Møller *Elin R. Johnson*

Protokoll går til

Kommunen, kontrollutvalet, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
31.10.2025	285/2025	32/25 - 37/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Ola Erik Myren møter for Torild Visnes Leirmo som hadde gyldig forfall.

Anders Norderhus meldte forfall kort tid før møtet og det lukkast ikkje å skaffe vara.

Sak 32/25 Godkjenning av protokoll

Protokoll 11. september 2025

Møteprotokoll sendt ut 20.9.25. Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Sekretariatets forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 11. september 2025 er godkjent.

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 11. september 2025 er godkjent.

Sak 33/25 Budsjettforslag for kontrollarbeid i kommunen

Saksutgreiing

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2: *"Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget."*

Departementet uttaler i sin rettleiar til forskriften at i uttrykket kontrollarbeid inngår utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalssekretariatet og revisjon.

Budsjettforslag 2026

Nedanfor er budsjettforslag for 2026 sett opp saman med tall frå 2024 og vedtatt budsjett-25. I budsjett-2024 var det lagt inn 220 ekstra timar til planlagte/igangsatte forvaltningsrevisjoner (samla 450 timar). Forslaget er 1,5 % auke i forhold til utvalets budsjettforslag for 2025.

	Forslag 2026	Budsjett 2025	Resultat 2024	Budsjett 2024
Kontrollutvalets drift	106.000	85.000	72.000	84.000
Sekretariatet	216.000	202.000	181.597	161.000
Revisjon	996.880	894.000	864.179	1 115.750
Sum	1 318.880	1 181.000	1 117.776	1 360.750

Budsjettforslag - kontrollutvalets drift

Det er satt opp samme budsjettforslag for 2026 som 2025 for møteutgifter og kurs.

Møtegodtgjering	kr	21.000	6 møter i året
Tapt arbeidsforteneste	kr	20.000	6 møter, gj.snitt 4 t pr møte
Arbeidsgjevaravgift	kr	3.000	
Reiseutgifter	kr	10.000	Tog t/r konf. 5 personer
Møter, konferanser	kr	40.000	1 KU-konf. årleg pr. medlem
Møteservering m.m.	kr	5.000	
Kontingent FKT	kr	4.000	Forum for kontroll og tilsyn
Uforutsette utgifter	kr	3.000	(t.d. fellesmøte heildag m/lunsj)

Budsjettforslag - kontrollutvalssekretariatet

Kommunen deltek i det interkommunale samarbeidet Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG).

Representantskapet vedtok i møte 19.9.25 følgende årsbudsjett for 2026:

Lønnsutgifter	1 082.000
Husleige	51.000
Andre driftsutgifter	88.000
Tenesteyting Sel kommune	75.000
Sum	1 296.000

Utgiftene blir fordelt med 1/6 pr. deltakarkommune, kr 216.000 pr. kommune i 2026.

Budsjettforslag - kjøp av revisjonstenester

Kommunen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor og kontrollutvalet inngår på vegne av kommunen årleg oppdragsavtale for revisjonsarbeidet.

Budsjettet legg opp til 762 timar, som er samme timetall som i oppdragsavtala for 2025. Timane er fordelt med 445 timar til rekneskapsrevisjon, 300 timar til forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll og 17 timar til møtedeltaking.

Kontrollutvalet har liten påverknad på omfanget av regnskapsrevisjon, og det vart brukt 414 timar i snitt for perioda 2020-24. Forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og mindre undersøkingar skjer etter bestilling frå kontrollutvalet. Det er foreslått 300 timer til forvaltningsrevisjon. Dette er færre timar enn eit prosjekt årleg, og i praksis må større, kommunevise revisjonsprosjekter fordelast på to budsjettår.

I budsjettforslaget er det lagt til grunn 1250 kr/time for regnskapsrevisjon og 1380 kr/time for forvaltningsrevisjon og møter. Dette er samme satser som inneværande år og vedtatt av revisjonsselskapets styre.

Med førehald om at revisjonsselskapets representantskap vedtek styrets budsjettforslag, vil kjøp av revisjonstenester komme på kr 996.880 i 2026.

Vurdering

Budsjettet må gje rom for at kontrollutvalet kan utføre sitt kontrollansvar og at det kan bestille revisjonsprosjekt basert på risiko- og vesentlegvurdering. Budsjettet bør også ta høgde for at kan oppstå uventa situasjoner som utvalet bør fylgje opp, t.d. mediasaker, førespurnader og andre innspel.

Det er lagt opp til 6 møter årleg for å sikre kontinuitet og tid til å følge med på aktuelle saker. Det bør være midler slik at utvalsmedlemmene kan delta på ein årleg

konferanse. Slike samlingar gjev opplæring, kompetanse, erfaringsutveksling og nettverksbygging, og er viktig motivasjon for utvalsarbeidet. Utgifter til kontrollutvalets drift vil variere frå år til år og frå periode til periode.

Ideelt sett er det ynskjeleg med ein forvaltningsrevisjon årleg, altså noko fleire timar til revisjonsprosjekt. Budsjettert kjøp av revisjonstenester er med førehald av at revisjonens budsjett og timesatsar blir vedtatt av revisjonsselskapets representantskap.

Sekretariatet meiner at det foreslåtte budsjettet er nøkternt og naudsynt for kontrollarbeidet i kommunen og tilrår at kontrollutvalet vedtek det. Dersom kommunestyret vedtek ei anna budsjettramme for kontrollarbeid i kommunen, må utvalet revidere budsjett og oppdragsavtale på nyåret.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet foreslår kr 1 318.880 som budsjettramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2026 med denne fordelinga:

- | | |
|-------------------------------------|------------|
| • Kontrollutvalets drift | 106.000 kr |
| • Kontrollutvalsekretariatet (SKNG) | 216.000 kr |
| • Revisjon (Innlandet Revisjon IKS) | 996.880 kr |

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet foreslår kr 1 318.880 som budsjettramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2026 med denne fordelinga:

- | | |
|-------------------------------------|------------|
| • Kontrollutvalets drift | 106.000 kr |
| • Kontrollutvalsekretariatet (SKNG) | 216.000 kr |
| • Revisjon (Innlandet Revisjon IKS) | 996.880 kr |

Sak 34/25 Uavhengigheitsvurdering frå regnskapsrevisor

Vedlegg

- Uavhengighet oppdragsansvarlig revisor Lesja – Astrid Haga

Saksutgreiing

Kontrollutvalets ansvar overfor revisjon fylgjer av forskrift om kontrollutvalg og revisjon:

§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3.

I fylgje Kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærare krav til revisor finn i forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19 *Krav til egenvurdering av uavhengighet:*
"Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget."

Regnskapsrevisor Astrid Haga har 12. august 2025 gjeve eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen.

Vurdering

I fylgje eigenvurderinga er regnskapsrevisor uavhengig i forhold til Lesja kommune.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalget tek uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor Astrid Haga i Innlandet Revisjon IKS til etterretning.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalget tek uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor Astrid Haga i Innlandet Revisjon IKS til etterretning.

Sak 35/25 Referatsaker

- Statusrapport 2. tertial 2025 frå Innlandet Revisjon IKS
- Kommunebarometeret (oppsummering for Lesja)
- Årsmelding frå Innlandet revisjon IKS
- Kommunestyresaker
- Spalten "Bernt svarer" i Kommunal Rapport 3. juni – 16. september.

Sekretariatets forslag til vedtak

Referatsaker er tatt til orientering.

Handsaming

Utvalet drøfta to saker til kommunestyret 6. november: Oppfølging av forvaltningsrevisjon er satt opp kun som referatsak og val av styremedlem i NGR.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Referatsaker er tatt til orientering.

Sak 36/25 Orienteringar

Saksutgreiing

Kontrollutvalsboka¹ omtaler orienteringar frå administrasjonen og utvalets oppfølging av gjennomførte tilsyn som verkemiddel utvalet har for å føre kontroll med kommunen.

Orienteringar frå kommunedirektøren er nyttige for å gje kontrollutvalet kjennskap til kommunen og forståing av risikobildet i kommunen. Utvalet får grunnlag for å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg belyst eller om det er behov for ytterlegare oppfølging.

Sekretariatet følger rettleiaren frå NKRF/FKT: "Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - Orienteringer fra kommunedirektøren."

Det er bedt om at administrasjonen orienterer og svarer på spørsmål om følgande tema:

- Rapporterte avvik hittil i 2025 pr. sektor og alvorlegheitsgrad
- "Løypemelding" frå kommunens arbeid med KS sin 10-faktor undersøkelse.
- Evaluering etter Amy (m.a. bortfall av strøm og telefon, vurderingar som vart gjort)

Sekretariatet ettersender skriftlig orientering/dokumentasjon når den foreligg.

Sekretariatets forslag til vedtak

Orienteringar er tatt til orientering.

Handsaming

Elisabeth Nerli, kommunalsjef helse og oppvekst, orienterte og svarte på spørsmål om:

- Rapporterte avvik hittil i 2025 pr. sektor og alvorlegheitsgrad
- "Løypemelding" frå kommunens arbeid med KS sin 10-faktor undersøkelse.
- Evaluering etter Amy (m.a. bortfall av strøm og telefon, vurderingar som vart gjort)

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Orienteringar er tatt til orientering.

Sak 37/25 Drøftingssaker

- Evaluering av utvalets arbeid (jamfør spørsmål Toftemo)
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten om informasjonssikkerhet
- Samfunnssikkerhet og beredskap (jamfør orientering 11. september)
- Offentlegheit (jamfør orientering 11. september og rapport frå Pressens offentlighetsutvalg 19.9.2025)
- Prioritering av orienteringstema

¹ Rettleiar frå Kommunal- og distriktsdepartementet om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet

Vedtak

- Kontrollutvalet ber sekretariatet sende påminning til kommunedirektør om attandemelding/status etter revisjonsrapport om informasjonssikkerheit.
- Utvalet ynskjer ei orientering om samfunnssikkerheit og beredskap.
- Sekretariatet følger opp utvalets prioritering av orienteringstema.